



HØGSKULEN I VOLDA

Årsmelding 2002



Høgskulen i Volda



Høgskulen i Volda er den største høgskulen i Møre og Romsdal. Vi tilbyr studium og yrkesutdanningar innan humanistiske fag, lærarutdanning, mediefag og samfunnsfag. Vi har ca. 2200 studentar og om lag 240 tilsette.

Høgskulen har ein omfattande forskingsaktivitet og samarbeider tett med den regionale forskingsstiftinga Møre-forsking. Vi har også to knutepunktfunksjonar i Noregsnett; i journalistikk/mediefag og i nynorsk skriftkultur. Det er etablert samarbeid både nasjonalt og internasjonalt innan fleire fagområde.

Høgskulen legg vekt på å vidareutvikle og satse på eit stadig betre og breiare tilbod for å imøtekomme trongen for etter- og vidareutdanning i regionen. Det vil vi gjere ved i sterkare grad å ta i bruk ulike modellar for kombinerte tilbod og nettbasert fjernundervisning.

Innhold



Rektor	s 4
Høgskuledirektøren	s 5
Avdeling for humanistiske fag	s 6
Avdeling for lærarutdanning	s 7
Avdeling for mediefag	s 8
Avdeling for samfunnsfag	s 9
Ivar Aasen-instituttet	s 10
Forskings- og utviklingsarbeid	s 11
Kompetanse , etter- og vidareutdanning	s 12
Undervisning og opptak	s 13
Fellesadministrasjonen	s 14
Internasjonalisering	s 16
Høgskulesamarbeidet Møre	s 17
Rekneskapen	s 18

HØGSKULEN I VOLDA
Boks 500
6101 Volda

Tlf: 70 07 50 00
Faks: 70 07 50 51
www.hivolda.no

REDAKSJON:
rektor
GUNNAR STAVE

høgskuledirektør
JACOB KJØDE jr.

informasjonskonsulent
PER ARNE BRANDAL

informasjonskonsulent
KRISTIAN FUGLSETH

Design/sats: Kristian Fuglseth, Per
Arne Brandal og Egset Trykk

Rektor

Høgskulen i Volda har sett seg som mål å vere ein utviklingsorientert høgskule som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forskning, fagleg utviklingsarbeid og formidling på høgt nivå.

Vi vil vere ein institusjon som sameinar eit solid teoretisk nivå med yrkesretta og praksisnær utdanning. Vi har ei særskilt oppgåve i vår eigen region, som eit kompetanse-senter som folket og styres-maktene ser som ein viktig medspelar i arbeidet for regional utvikling.

I 2002 har kvalitetsreforma vore styrande for arbeidet med utvikling og omstilling. Innføring av ny gradsstruktur og nye arbeids- og evalueringsformer har fått førsteprioritet. Den nye gradsstrukturen blei innført hausten 2002. Det er i dette arbeidet lagt stor vekt på at reforma opnar for nye moglegheiter og stimulerer til kvalitetsutvikling og profilering.

I ei tid med nedgang i søkjar-tala til tradisjonelle ut-danningar, har fagmiljøa ved høgskulen vist stor kreativitet og evne til å rette vårt utdanningstilbod inn mot nye grupper og nye behov. Det har også blitt satsa mykje på å integrere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i utdanningsverksemda, både for å leggje til rette for nye arbeidsformer, og for å gjere tilbodet tilgjengeleg for nye studentgrupper. Dette førte til at vi i 2002 fekk eit av dei beste opptaka vi har hatt.

Kurs, etter- og vidare-utdanningsverksemda ved høgskulen har hatt ein vesentleg vekst i 2002. Vi ser på denne verksemda som stadig viktigare i høgskulens totale engasjement. Vi tek sikte på å utvikle nye tilbod, og i sterkare grad ta i bruk ulike modellar for kombi-nerede studium med sam-

lingar og nettbaserte tilbod. I 2002 har vi satsa på å byggje ut kontakten med aktuelle brukargrupper. Særpreget til Høgskulen i Volda er ein kombinasjon av profesjons-utdanningar og fagstudium, der humanistiske og samfunnsvitskapelege fag dominerer. For å skape ein institusjon med høg relevans og kvalitet, har vi sett det som viktig å få til ei sterkare prioritering av den faglege verksemda, og utvikle ein meir spissa fagprofil. Vi har dei siste åra hatt som strategi at dei nasjonale knutepunkta innanfor mediefag og nynorsk skriftkultur, skal fungere som samlande faglege satsingsområde på tvers av avdelingane. Vi skal dessutan avgrense satsinga når det gjeld utdanning på mastergradsnivå og forskning og utviklingsarbeid til nokre prioriterte fagområde der vi har særleg sterke fagmiljø. I 2002 tok vi opp studentar til to godkjende mastergrads-utdanningar. Den eine, mastergradsutdanninga i samfunnsplanlegging, blei sett i gang som prøveordning i 1999 og fekk permanent godkjenning i 2002. Den andre, mastergrad i nynorsk skriftkultur, blei godkjend i 2001, og tok opp dei første studentane hausten 2002.


HVO har i 2002 vore oppteken av at forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging ikkje må bli salderingspost i arbeidet med kvalitetsreforma. Vi har derfor lagt vekt på å ikkje forsømme kompetanse-utvikling når det gjeld forskingsverksemd og prosjektutvikling i denne fasen. Vi satsar særleg på å styrkje forskinga på dei områda

der vi vil byggje ut mastergradsutdanning

Situasjonen for høgre utdanning er i endring. Dette krev at vi er ein lærande organisasjon, som er medviten dei prosessane som påverkar høgre utdanning, vurderer dei kritisk og utviklar våre evner til omstilling. Utfordringa er å kunne gjere nødvendige omstillingar utan å gå på akkord med grunnleggjande verdiar i høgre utdanning.

Gunnar Stave
rektor

« FOR Å SKAPE EIN INSTI-TUSJON MED HØG RELE-VANS OG KVALITET, HAR VI SETT DET SOM VIKTIG Å FÅ TIL EI STERKARE PRIORITE-RING AV DEN FAGLEGE VERKSEMDA, OG UTVIKLE EIN MEIR SPISSA FAG-PROFIL. »



Høgskuledirektøren

Ei resultatorientert drift gjennom ny budsjettmodell og overgang til nettobudsjettering prega året som gjekk.

Kvalitetsreforma har sett sitt preg på aktiviteten ved HVO i 2002. Vi meiner vi har funne fram til ei god organisering for å drive fram denne reforma. Men også for dei administrative funksjonane ved HVO har 2002 vore eit år med store endringar på mange område: ny budsjettmodell, overgang til nettobudsjettering, nytt studieadministrativt system, styrking og stabilisering av IT-kontoret og etablering av eit forprosjekt med sikte på erstatningsbygg for Ivar Aasen-huset.

Ny budsjettmodell

Undervisnings- og forskingsdepartementet utarbeidde i 2002 eit nytt finansieringssystem for høgskular og universitet. Medan det gamle systemet la vekt på måltal som grunnlag for løyvingar, gir det nye systemet tildeling etter produksjon av studiepoeng og FoU. HVO fekk på plass ein ny budsjettmodell i 2002 i tråd med modellen frå departementet. Eit viktig prinsipp var å lage ein modell som tek omsyn til kva som gir inntekter, og fordeler desse internt ved HVO. Målet er å etablere eit godt verktøy til å styre økonomien som også er gjennomsynleg og påreknleg, styrkje langsiktig økonomiplanlegging, stimulere til nytenking og effektiv ressursutnytting. Hovud-elementa i modellen er: investeringar, resultatbasert undervisning (studiepoeng), satsingsmidlar – sentral fordeling, resultatbasert forskingsfinansiering, tildeling til fellesutgifter og tildeling etter måltal som er eit stabiliserande element i modellen. Mykje av fordelinga er gitt gjennom modellen. Den vil

difor føre til forenklingar i budsjettprosessen. Styret kan konsentrere si drøfting om viktige føringar og satsingar.

Overgang til nettobudsjettering

Vi har arbeidd med omlegging av rekneskapsordninga til eit system for nettobudsjettering som skal gjelde frå r.1.2003. Omlegginga fører med seg ny kontoplan og at den eksternt finansierte verksemda skal registrerast på ein annan måte. Målet med nettobudsjettering er at det skal setjast større fokus på resultat. Høgskulen skal etter dette levere eit årsrekneskap på linje med andre større verksemdar. Omlegginga ved HVO har vore leidd av ei prosjektgruppe.

Nytt studieadministrativt system

HVO engasjerte i 2002 ein prosjektkoordinator til å gjere ei vurdering av funksjonaliteten i dei to studieadministrative systema M-stas og FS, med utgangspunkt i bl.a. kvalitetsreforma og nye rapporteringsrutinar knytte til studiepoengproduksjonen. Utfallet av gjennomgangen var at HVO vurderte FS som eit betre system og vedtok å gå over til det frå 01.01.03. Innføringa av eit nytt studieadministrativt system har vore krevjande. Særleg har konvertering av data og tilpassing til nytt format teke mykje tid. Vi har også gjennomført eit omfattande opplæringsprogram i samband med omlegginga.

Styrking og stabilisering av IT-kontoret

IKT aktiviteten ved HVO har hatt ein markant vekst dei

siste åra som fylgje av oppstart av fleire store prosjekt som til dømes Pluto, og dessutan omlegging og innføring av nye system. Dette har ført til at arbeidspresset på IT-kontoret har auka tilsvarende. For å kompensere dette er bemanninga auka til fem stillingar, ei engasjementstilling og to praksisstillinger. Det er i overkant av 700 pc-ar på campusen og vi yter brukarstøtte til 300 tilsette fordelt på HVO, SfS, Møreforskning og Nynorsk kultursentrum.

Forprosjekt - erstatningsbygg for Ivar Aasen-huset

Ivar Aasen-huset har lenge vore i dårleg stand. Det tilfredsstillende ikkje dagens krav til eit godt arbeidsmiljø. I 2002 vart det avklart at både Volda kommune som eig hu-

set og Statsbygg, meiner at det har negativ verdi. Det er difor ikkje aktuelt å nytte midlar til å rehabilitere huset. Etter påtrykk frå HVO har Undervisnings- og forskingsdepartementet gjeve Statsbygg i oppdrag å analysere kva funksjonar som må erstattast når Ivar Aasen-huset vert teke ut av drift. I oppdraget skal ein også kome med framlegg til plassering av erstatningsbygget. HVO har etablert ei prosjektgruppe som samarbeider med Statsbygg i denne saka. Det er positivt at dette no er kome på dagsorden. Vi har von om å få reist eit erstatningsbygg i løpet av eit par år. Dei administrativt tilsette ved HVO har i 2002 vist at dei er i stand til å møte store endringar og å gjennomføre prosjektarbeid på ein framifrå måte. HVO sin administrasjon står godt rusta til å møte dei vidare utfordringane som kvalitetsreforma byr på.

Jacob Kjøde jr.
høgskuledirektør



Avdeling for humanistiske fag

Studietilboda er organiserte innanfor fire grunneiningar: Engelsk institutt, Tysk institutt, Historisk institutt og Nordisk institutt.

Undervisning og studentar

Avdeling for humanistiske fag (AHF) er ei av fire fagavdelingar som vart oppretta ved samanslåing av Distriktshøgskulen og Lærarhøgskulen i Volda i 1994. Studietilboda er organiserte innanfor fire grunneiningar: Engelsk institutt, Tysk institutt, Historisk institutt og Nordisk institutt, som gir fag- og vidareutdanningar i språk, litteratur og historie.

Personalet består av om lag 30 tilsette i stillingar på ulike fagfelt, med faglege stikkord som lingvistik, litteraturvitskap, samfunnsstudium, framandspråk-opplæring, lokal- og regionalhistorie, globalhistorie, økonomisk historie og mediehistorie. AHF sine fagfolk gir også undervisning ved lærarutdanningane ved HVO. Eit relativt nytt studium er mediekunnskap (60 studiepoeng) som har pedagogisk profil og som kvalifiserer for arbeid i skulen. Dette studiet inngår også som del av eit nytt bachelorstudium ved HVO: Media, IKT og design med oppstart hausten 2002. Viktig fagleg satsingsfelt er også deltaking og ressursbruk i samband med mastergradstilbodet i nynorsk skriftkultur, som Ivar Aasen-instituttet starta opp hausten 2002. Elles har kvalitetsreforma og omlegginga til nytt gradssystem prega sterkt den faglege verksemda i 2002.

Forskning og fagutvikling

Fagpersonalet ved AHF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og ut-

land. Avdelinga har høg kompetanse m.a. innanfor nynorsk skriftkultur og innanfor lokal og regional historie og samfunnsutvikling. Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Engelsk institutt har utført konsulentoppdrag og oversetjingsoppdrag både internt og eksternt. Eit fleirårig arbeid med eit større læreverk for grunnskulen er no fullført. Eit doktorgradsprosjekt omkring vidare- og etterutdanning for engelsklærarar i grunnskulen er godt i gang, og eit anna doktorgradsprosjekt omkring filmatisering av litteratur er også starta opp. Det har vidare blitt publisert artiklar om litteratur og grammatikk innanfor engelskfaget.

Alle ved Historisk institutt har drive aktiv forskings- og publiseringsverksemd i 2002, m.a. produksjon av undervisningsmateriell, bygdebøker for Volda og for Sula og eit prosjekt om kultur, økonomi og region. Spesielt har arbeidet med utvikling av undervisningsopplegg for nettbasert/nettstøtta undervisning og mappe-/prosess-evaluering i alle undervisningsemne teke mykje ressursar i 2002.

Nordisk institutt deltek i nordisk samarbeid med høgskular i Danmark og Sverige om lærarutdanning gjennom NORDPLUS. Av konkrete FoU-prosjekt kan nemnast: innsamling og registrering av

regionalt kjeldemateriale, publisering av uprenta Ivar Aasen-materiale, nyutgåver av Aasens ordbøker, populærkultur/litteratur, arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie, og andre litterære studiar. Aktuelle doktorgradsarbeid: m.a. om Dag Solstad, analyse av Ves-aas: «Is-slottet», om Ivar Aasens fonologiske metode og om dialektale særdrag i vestnorsk.

Tysk institutt har etablert fleire internasjonale faglege kontaktar. Det vert arbeidd med eit doktorgradsprosjekt om samanhengen mellom ordstruktur og ordninga av hjernens ordlager, vidare med lærebøker, tysk samtidshistorie og doktorgradsprosjekt om Günter Grass' prosaverk.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltek i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som ressurspersonar i ulike lag og stiftingar. Fagmiljøa ved AHF har i 2002 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Norskstudiet for utanlandske studentar (NUS) har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular. Arbeid med internasjonalisering har blitt intensivert i 2002, og vil halde fram i 2003.

Satsingsområde

AHF vil halde fram med ut-

vikling av modulerte og nettbaserte studietilbod, i tillegg til sterkare satsing på kurs- etter- og vidareutdanning. Arbeidet med iverksetjinga av kvalitetsreforma vil halde fram, og nye tilbod under planlegging inkluderer 3 nye bachelorgrader:

- 1) Historie, kultur og samfunn
- 2) Litteratur og kultur, og
- 3) Språk, kommunikasjon og media.

Det blir også arbeidd med eit engelskspråkleg tilbod: Norwegian Culture Studies, med 30 studiepoengs omfang. Elles vil avdelinga utvikle bachelor- og mastergradsemne av 15 og 30 studiepoengs omfang i språk, litteratur og historie som kan gå inn i andre avdelingar sine løyper.



Avdeling for lærarutdanning

Omfattande arbeid vart initiert og iverksett av fagleg og administrativ leiing i samband med ny nasjonal kvalitetsreform: t.d. heilt nye vurderingsformer og tettare oppfølging av alle studentar gjennom studiekontrakta og utdanningsplanar.

Mange utfordringar venta på ALU i 2002. Dei var spesielt knytte til

- utvikling av heilt ny lærarutdanning i samsvar med nasjonale rammeplanar
- tilpassing av eksisterande fagtilbod til ny nasjonal gradsstruktur (bachelor og master)
- oppfylging av fastsett studentmåltal
- store økonomiske investeringar i IKT-utstyr og bygningar

Omfattande arbeid på dette området vart initiert og iverksett av fagleg og administrativ leiing i 2002. Spesielle utfordringar var knytte til ny nasjonal kvalitetsreform: t. d. heilt nye vurderingsformer og tettare oppfølging av alle studentar gjennom studiekontrakter og utdanningsplanar. Organisering av undervisninga i basisseminar og plenumsamlingar, i staden for vanleg klasseorganisering, vart vidareført. Dessutan vart det i lærarutdanninga innført nye øvingslæraravtaler utan tilsette øvingslærarar i praksisoppleringa. I 2002 kom det i gang utvikling og utforming av nye fag- og studieplanar både for 3-årig førskulelærarutdanning, ny 4-årig allmennlærarutdanning og ny 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) på basis av nye nasjonale rammeplanar. (Oppstart h-2003). Ressursar har vorte sette inn for å sikre nye studiemodellar, nye faglege og tverrfaglege studieeiningar, nye arbeidsmåtar og nye evalueringsformer i desse tre viktige profesjonsutdanningane.

Overgangs- og innpassingsordningar mellom ny og gamal gradsstruktur vart også klarlagde i 2002. Nye 3-årige integrerte bachelorprogram, t.d. i dei praktiske og estetiske faga (musikk og kroppsøving/friluftsliv), vart utvikla i høve oppstart h-2003. Fagleg innhald, breidd og djupne i dei

nye studia og programma vart tilpassa vedteken forskrift. Fagstudium i lærarutdanninga vart vidareutvikla, emneoppdelte og tilpassa slik at dei kan nyttast i fleire samanhengar og t.d. supplerast med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) fram mot adjunktstatus i eit 4. år etter fullført bachelorgrad. 2-årige masterstudium vart også planlagde i lærarutdanninga i 2002, t.d. i spesialpedagogikk (for oppstart h-2003). Planar om 2-årig lærarmaster med pedagogikk og skulefag frå ALU, AHF og ASF vart initierte med tanke på oppstart h-2004.

Nedgangen i nasjonal søknad til førskulelærarutdanninga og allmennlærarutdanninga nådde botnen i 2002. Etter ei 4-årig utvikling med berre 100-120 årleg opptekne AU- og FU-studentar (i staden for 200-240 som tidlegare på 90-talet), fekk avdelinga i 2002 eit samla studenttal på 440 på desse store utdanningane i staden for ca. 700 som tidlegare. Ved kompensatorisk satsing på fag- og vidareutdanning, val av nye organiseringsformer, oppstart av deltidsutdanningar og digitalisering av tilbod, klarte ALU i 2002 likevel å oppretthalde målalet på 919 h.ekv. Frå eit lågt studenttal h-2001 (844 h.ekv.) auka studenttalet til 948 h.ekv. h-2002.

Frå h-02 starta avdelinga eit nytt 3-årig integrert bachelorstudium i Media, IKT og design. Studiet er i samsvar med HVO sin strategiplan som fokuserer utvikling av ei ny lærarutdanning med informatikk, media og informasjon som sentrale fag. Studiet som er eit positivt samarbeidstiltak mellom ALU, AHF og AME, fekk svært god søknad i oppstartåret, og 25 studentar tok til på utdanninga. Det er lagt opp med valtilbod i tredje studieåret som sikrar opptak til mastergrad i dei sentrale faga mediekunnskap og IKT.

Såleis vart det frå h-02 starta to 3-årige profesjonsstudium som oppfylte gjeldande krav til bachelorgrad: 3-årig førskulelærarutdanning og 3-årig utdanning i Media, IKT og design.

Spesiell satsing frå h-02 vart igangsetjing av ei ny Region-tilpassa 4-årig allmennlærarutdanning med undervisning lagd over 5 år (2002-2007). Tidlegare har deltidsstudium i AU vore lagde anten til Kristiansund eller Volda ved sida av årleg oppstart av heiltidsstudium i Volda, jf tidlegare meldingar. Ved dette deltidsstudiet vart undervisning lagd til ulike stader i regionen, tilpassa lokal søknad (Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund). For første gong kunne studentane gjere alt studiearbeid på heimstaden med vevtilknytning via Internett til faglege rettleiarar i Volda – kombinert med arbeid i basis- og seminargrupper i regionen. 45 studentar tok til på den nye regionale utdanninga.

Frå h-02 planla ALU vidareføring av eksisterande studium og kapasitet for å oppretthalde gjeldande måltal (919 h.ekv.) og høge aktivitetsnivå. I tillegg til AU-deltidsutdanning i regionen vart det i 2002 starta 1-årig PPU-deltidsutdanning med undervisning lagd over to år både i Kristiansund og i Ålesund (2002-2004), med 40 studentar kvar stad. Dette kom i tillegg til heiltidsstudiet i PPU i Volda, også med ca. 40 studentar. PPU i Ålesund og friluftsliv 30 studiepoeng som har tidlegare finansiert med studentavgifter, vart frå h-02 utan avgift. Etter søknadssvikten til FU og AU har denne ordninga også konsolidert og sikra fagmiljøa ved ALU.

Breidd og djupne i alle fag- og vidareutdanningar vert oppretthaldne i 2002. Drama årseining vart for første gong utvida med eit tredje studium på 30 studiepoeng. For å imøtekomme oppsamla regio-

nale behov, vart det i 2002 satsa ekstra på deltidsstudium i spesialpedagogikk årseining 2. avd. (2002-2004) med oppstart av to delvis parallelle studieeiningar v-02 og h-02, til saman 60 studentar. Det dobla opptaket på informasjonsteknologi årseining (48 h.ekv.) vart vidareført frå h-02, og på ny sette ALU i gang IKT-årseining gitt som deltidsstudium i Volda over to år (2002-2004). Opptak til studia pedagogisk arbeid på småskulesteget 1 og 2 (30 studiepoeng PAPS), og spesialpedagogikk 1. avdeling vart vidareførte.

For å sikre studenttalet i avdelinga, vart det elles gjennomført til store ekstraopptak i alle fag- og vidareutdanningar der det var mogleg, t.d. i dei fire praktiske og estetiske faga, musikk, forming, drama og kroppsøving, til saman 70 ekstra h.ekv. Ekstra opptak vart også gjennomførte i matematikk og samfunnsfag der det for første gong vart mogleg å gjennomføre vektalsdelar av studiet med digital kontakt og rettleiing utan krav om samlingar i Volda.

Ordinære heiltidsstudium og deltidstilbod vart planlagde og gjennomførte slik at avdelinga best mogleg utnytta fagleg og administrativ kompetanse i personalet og hindra oppseiingar og innstrammingar ved HVO. Den svært sterke IKT-satsinga i lærarutdanninga med store investeringar i utstyr og kompetanse og utvikling av studentaktive arbeidsformer vart vidareført og vidareutvikla på alle nivå i 2002. I 2002 var det 76 fagtilsette og 7 administrativt tilsette ved ALU. Samla budsjet var på 36 mill. kroner.

I 2002 vart Statsbygg sitt påbygg til Kaarstad-huset og fornying av Nedretun fullført. Denne renoveringa sikra areal til tidsmoderne og funksjonelle spesialrom i drama og til saman 41 nye kontor for fagtilsette. Samstundes vart bruken av kontora i dei tre Øvretun-bygningane avslutta.

Avdeling for mediefag

Avdeling for mediefag gir tilbud om treårige yrkesretta integrerte bachelorutdanningar i animasjon, informasjon og journalistikk og eittårig påbyggingsstudium i fjernsynsreportasje og dokumentar.

Kvalitetsreforma

Året har vore prega av arbeidet med innføringa av kvalitetsreforma der avdelinga raskt sette i gang arbeidet. Dei toårige yrkesutdanningane vart gjorde om til treårige, integrerte løp som gir bachelorgrad. Animasjonsutdanninga vart utvida frå to til tre år for bachelorgraden blei innført, og trong difor berre kosmetiske justeringar. Utdanningane i informasjon og journalistikk vart tilpassa bachelorgrad mellom anna ved å leggje inn opningar for frie emne og gi høve til utvekslingsperiodar. Omlegginga av animasjonsutdanninga har vore svært vellukka, og etter nokre justeringar ser studieløpa for informasjon og journalistikk også lovande ut.

I samband med kvalitetsreforma har avdelinga vurdert eksamensformene, innført bokstavkarakterar og utdanningsplanar for dei som er tekne opp på treårige studieløp. Administrativt har vi innført kvalitetsreforma, og vi er godt i gang med gjennomføringa innan dei ein-skilde emna og utdanningane. Det er ikkje til å komme utanom at dette arbeidet har teke mykje tid, og det er til tider vanskeleg for medarbeidarane å sjå resultat av arbeidet som blir lagt ned. Det er svært viktig at ressurstilgangen blir auka for at avdelinga skal sjå mening i omleggingane som er gjorde.

Forskning og fagutvikling

Denne aktiviteten har vore konsentrert om kvalitetsreforma og innføring av ny gradsstruktur. Anna forskning har blitt skadelidande. For re-

sultat her viser vi til Forskpub. Vi har delteke i utvikling av eit nytt emne i helsepedagogikk på masternivå saman med ALU og KPI/Helse Sunnmøre. Avdelinga vurderer kontinuerleg utvikling av nye emne innanfor bachelorprogramma.

Knutepunkttiltak

Avdelinga har knutepunkt i mediefag med vekt på kringkastingsjournalistikk. Eit fast tiltak er Den Norske Dokumentarfestivalen, arrangert i samarbeid med studentane ved avdelinga. Elles har avdelinga prioritert utarbeiding av lærebøker og slutføring av doktorgradsarbeid. To avhandlingar er ferdige og blir levert i byrjinga av 2003. Elles har to medarbeidarar fått opprykk til førstekompetanse, og ein vil ha arbeid til vurdering i byrjinga av 2003. Totalt sett er avdelinga særst nøgd med det arbeidet som blir gjort for å heve kompetansen.

Formidling og samfunnskontakt.

Tilsette i avdelinga er aktive i mediemiljøa. Nokre eksempel: Leiar i Rådet for anvendt medieforskning, varamedlem i Kringkastingsrådet, redaktør i Norsk Medietidsskrift, nynorsk språkkonsulent i NRK, styremedlem i Grafil, programmering og juryarbeid ved lokale, nasjonale og internasjonale filmfestivalar.

Andre døme er etablering av kompetansesenteret for pasientinformasjon som blei etablert i Volda, der ein tilsett på avdelinga er engasjert som prosjektleiar og ein annan oppnemnd i styringsgruppa. Fleire på avdelinga er invol-

verte i prosjektgruppa for etablering av Nordsjø multimediesenter og Gruppe for etablering av kompetansesenter for kulturformidling i skolen. Avdelinga har slutført produksjon av opplevingsvideo for Jostedal-breen Nasjonalpark og eit informasjonsopplegg for SND-Ålesund. Eit nytt prosjekt er starta opp i samarbeid med KPI for å utvikle informasjonsopplegg om barneastma.

Ved journalistutdanninga vert det kvar vår og haust produsert realistiske øvingar for avis (papir og nettversjon) fjernsyn og radio. Dette representerer viktige møteplassar og offentlege rom, ikkje berre for Volda-samfunnet, fleire av produksjonane vert også publiserte av nasjonale kringkastingselskap. Studentar ved informasjonsutdanninga lagar utgreiingar og presentasjonar for organisasjonar og offentlege institusjonar. Animasjonsutdanninga markerer seg ved å hente prisar og omtale ved festivalar.

Satsingsområde

Avdelinga har stort sett gjennomført overgangen frå analog til digital produksjonsteknologi, men utfordringa er å halde tritt med utviklinga. Det skjer ved kontinuerleg fagutvikling og utluking av barnesjukdomar. Elles vil avdelinga halde fram med kompetanseheving, fleire doktorgradsarbeid er under fullføring, men hovudtyngda vil bli å styrke arbeidet med å kvalitetssikre kvalitetsreforma.


Internasjonalisering

Det organiserte, internasjo-

nale samarbeidet har vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning (Norplus) der avdelinga no har leiaren. Tilsvarende samarbeid er aktivt for animasjonsutdanninga. Samarbeidet med Mangalore University i India blir starta opp att på slutten av året. Ein delegasjon frå avdelinga har vore på studietur til Storbritannia og gjort utvekslingsavtaler der. Vi har hatt ansvar for ein stipendiat frå det italienske journalistlaget i seks veker.

Ein tilsett (Strøm) har vore gjestelærer ved Griffith University i Australia i haustsemesteret. Dette har gitt oss gode avtaler med dette universitetet, og Strøm leier no arbeidet med å starte eit Austral/Aust-Asia-kulturstudium for studentar ved HVO med oppstart hausten 2003. Som erstatning for Strøm engasjerte vi den kanadiske dokumentarfilmskaparen Donald McWilliams i fem månader.

Internasjonal studentutveksling har vore basert på Norplus-samarbeidet, men ved at det no er oppretta avtaler med lærestader utanom Norden og ved at det er lagt til rette for studium ved andre institusjonar i bachelorprogramma, så reknar vi med at fleire studentar vil ta delar av studiet i andre land.



Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag (ASF) tilbyr høgre utdanning innanfor Planlegging og administrasjon, Kristendomskunnskap og kyrkjefag, og Sosialfag. Avdeling for samfunnsfag har 34 faglege stillingsheimlar.

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fagpersonalet. Fleire av medarbeidarane er inne i doktorgradsprogram eller andre kompetanse-gjevande løp.

Studentar og undervisning

Studia ved ASF varer frå 1 til 5 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innan offentleg forvaltning. Høgskulen i Volda fekk i 1999 som den einaste høgskulen i landet godkjenning frå departementet til å tilby eit mastergradstudium i samfunnsplanlegging. Avdelinga tilbød frå hausten 2002 tre bachelorstudium. Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekke vidareutdanningstilbod. Dette gjeld t.d. vidareutdanning i kriminalitetsførebygging, i rusproblematikk og i barne- og ungdomsvern, og dessutan fleire studium på Internett m.m.

Studentmålet for Avdeling for samfunnsfag er 602 heiltidsstudentar. Kandidatproduksjonen i 2002 var også god. Avdelinga produserte om lag 485 heiltidsekvivalentar.

Det er i løpet av året utvikla og/eller sett i gang fleire nye

aktivitetar. Dette gjeld t.d. bachelorgrad i sosialt arbeid, barnevernspedagogutdanninga, bachelorgrad i sosialt arbeid; sosionomutdanninga, bachelorgrad i planlegging og administrasjon. Det er vidare utvikla Forvaltningsarbeid (nettstudium) og vidareutdanning i Leining i helse- og sosialadministrasjon (20 studiepoeng) som eit samarbeid med høgskulane i Molde og Ålesund.

Forskning og fagleg utvikling

Ein del tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings- og fagutviklingsprosjekt i 2002, og avdelinga kan syne til ein stor produksjon av skriftleg materiale i form av artiklar i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og forelesingar i inn- og utland. Fagtilsette ved ASF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har høg kompetanse m.a. innanfor planlegging, teologi og sosialt arbeid. Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er fleire tilsette ved ASF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd,

forskningsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Formidling og samfunnskontakt

ASF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette har delteke i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd. Fagmiljøa ved ASF har i 2002 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Arbeid med internasjonalisering har blitt intensivert i 2002, og vil halde fram i 2003.

Satsingsområde

Den største utfordringa i dei to næraste åra blir å få vidareutvikla grunnstudia som bachelorstudium. Avdelinga vil og halde fram med å markere seg innan nyare studie-tilbod og undervisningsmåtar. Her vil fjernundervisning og bruk av ulike digitale hjelpemiddel stå sentralt. Avdelinga har mange studium som går over Internett (Classfronter), og som har fått god oppslutnad.

Arbeidet med studiekvaliteten blir viktigare frametter, ikkje minst om ein vil styrkje og bygge ut arbeidet med

mastergrad(ar). Avdelinga vil difor setja sterkare fokus på dette arbeidet.

Det vert også ei sentral oppgåve for avdelinga å auke forskinga ved å hjelpe den ein-skilde til å utnytte sitt potensial. Avdelinga vil leggje opp til meir systematisk arbeid for å hjelpe til med kompetanseheving i fagmiljøa.



	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Tidsskriftartiklar, bidrag i bøker	45	19	39	31	52	31
Bøker /rapportar utgjevne på forlag	6	2	3	4	4	6
Avslutta arbeid som ikkje er utgjevne på forlag	28	29	14	24	25	20
Konferansebidrag	58	34	32	64	74	55

Skjematisk oversyn over vitenskaplege publikasjonar frå Avdeling for samfunnsfag 1997-2002.

Ivar Aasen-instituttet

Ivar Aasen-instituttet driv forskning og undervisning på høgare nivå i nynorsk skriftkultur. Det ivaretek knutepunktfunksjonen i nynorsk skriftkultur som HVO er tildelt av KUF. Instituttet har eit nært samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

Organisering

Ivar Aasen-instituttet er eit forskingsinstitutt direkte under hovudstyret. Styret hadde fire møte og handsama 41 saker i 2002. Instituttet har eit fagråd (leiar Ingeborg Kongslien, Universitetet i Oslo) som heldt sitt andre møte i november 2002.

Mastergraden i nynorsk skriftkultur

Den reviderte *Utgreiing om hovudfag i nynorsk skriftkultur* vart lagd fram for styret ved Ivar Aasen-instituttet i mars 2001, og i juni 2001 søkte HVO UFD om løyve til å opprette hovudfaget. Slikt løyve kom i tildelingsbrev dagsett 1. oktober 2001. Dermed var grunnen lagd for den første mastergraden i nynorsk skriftkultur.

Det var hektisk møteaktivitet utover våren 2002, da undervisningsplanane vart konkretiserte. Det meldte seg ti studentar ved semesterstart hausten 2002, og ni av desse fullførte dei to innføringsemna i Nynorsk skriftkultur og Vitskapsteori og –metode (å 15 studiepoeng).

I løpet av 2002 vart det utarbeidd eit nytt valemne i Nynorsk filosofisk skriftkultur. Professor Jan Inge Sørbo og Professor Gunnar Skirbekk (Universitetet i Bergen) stod for dette arbeidet. Instituttet kunne tilby undervisning i dette emnet alt våren 2003.

Seminarverksemd og nettverksbygging

Våren 2002 køyrde instituttet: Seminar i åtte episodar for å kaste lys over ulike sider ved den nynorske skriftkulturen.

Innleiarane var (i kronologisk rekkjefølgje) Ottar Grepstad, Ragnfrid Trohaug, Roger Lockertsen, Gunnar Skirbekk, Ingebjørg Røyhus Øyehaug, Knut Olav Åmås, Jan Ragnar Hagland og Sigrid Bø Grønstøl.

Instituttet markerte Den internasjonale kvinnedagen for første gong med eit arrangement med eit vitskapeleg innlegg av Raket Christina Granås og eit musikkinnslag ved kvinnekoret Women's Voice. Det er meininga at denne markeringa skal bli fast.

Ivar Aasen-instituttet hadde tre fellesarrangement med Nynorsk kultursentrum. Det første var eit føredrag med musikkinnslag i høve Burns' Night, den årvisse feiringa av den skotske nasjonalskalden. British Council i Oslo og Engelsk institutt var med på dette arrangementet, som også omfatta ei vandreutstilling med skotske tekstar.

I februar 2002 var instituttet med på konferansen om sidemålet i Nynorsk kultursentrum, og i juni var instituttet medarrangør av eit seminar om dei nynorske filosofane, dette i tilknytning til Dei nynorske festspela.

Totalt var det 172 deltakarar ved dei interne arrangementa til instituttet i 2002.

Instituttet gjennomførte eit internasjonalt todagarsseminar ved Universitetet i Oslo i november i samarbeid med Sakprosa-prosjektet (ved professor Kjell Lars Berge) og Norsk språkråd. Tema var skriftkulturen, og det kom om lag 40 deltakarar kvar av dagane. Instituttet

var med på skipinga av Per Sivle-laget på Voss sommaren 2002.

Dei tilsette heldt innlegg ved internasjonale konferansar i Skottland, USA og England.

Prosjekt


Prosjektet Utdanning som nasjonsbygging var leidd ved instituttet fram til 31.7.02. Delprosjektet Det europeiske i det nynorske, som låg under prosjektet Det egne og det andre, vart avslutta i 2002.

Sommaren 2002 søkte instituttet Noregs forskingsråd

om støtte til prosjektet Det opne språket: Språkending som kulturendring. Det vart laga ein revidert søknad til det nye Programmet for kulturforskning i november.

Skrifter

Det kom ut eitt band i Skriftserien frå Ivar Aasen-instituttet i 2002, ei avhandling om målreisinga i Baskarlandet. Instituttet tente inn kroner 9045 i 2002 som resultat av intensivert marknadsføring av skriftserien.



Forsknings- og utviklingsarbeid

Det har vore arbeidd mykje med å finne fram til ein god organisasjonsmodell for forskningsverksemda ved HVO.

HVO har i 2002 vore oppteken av at forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging ikkje må bli salderingspost i arbeidet med kvalitetsreforma. Vi har lagt til grunn den oppfatninga som statsrådene Lille-tun og Giske gav uttrykk for, nemleg at st.m. 39 (forskningsmeldinga) og st.m. 27 (kvalitetsreforma) utgjer ein heilskap som skal realiserast samtidig. Vi meiner såleis det er viktig å ikkje forsømme kompetanseutvikling når det gjeld forskningsverksemd og prosjektutvikling i denne fasen.

Det har vore arbeidd mykje med å finne fram til ein god organisasjonsmodell for forskningsverksemda ved HVO. Den løysinga som no er vald, inneber eit organisert og ansvarleg samarbeid mellom Møreforskning og høgskulen. Det er vedteke ein rammeavtale for samarbeidet, og det er tilsett ein felles forskningskoordinator. Grunnlaget for denne løysinga er ei oppfatning om at det vitenskaplege miljøet ved institusjonane i Volda er best tent med

eit medvite samarbeid, der vi kan utnytte våre komparative fordelar. Det er oppretta forskningsgrupper som samlar miljøet rundt dei faglege tyngdepunkta. Dette ser ut til å vere ei tenleg og fleksibel ordning som kan justerast etter behov ved at nye forskningsgrupper blir oppretta og etablerte grupper blir lagde ned.

Høgskulen arbeider for å styrkje den strategiske bruken av FoU-ressursane. I løpet av vårsemesteret 2003 vil vi utarbeide ein ny strategiplan for FoU-verksemda.

Det har blitt arbeidd for å legge forholda til rette for at flest mogleg skal kunne drive med forsknings- og utviklingsarbeid. Det er vedteke retningslinjer for arbeidsfordeling som opnar for differensiering mellom dei ulike stillingskategoriane. Dette inneber at dei med høgare fagleg kompetanse kan nytte ein større del av arbeidstida si til FoU-arbeid enn dei med lågare kompetanse.

I høgskulen sin eigen budsjettmodell er det innført

ein resultatdel basert på FoU. Denne komponenten blei for første gong teken i bruk ved neddelinga av budsjettet for 2001. Resultattildelinga byggjer på rapporterte FoU-arbeid, og har ført til ein svært konstruktiv diskusjon om FoU-verksemda og bruken av FoU-ressursane. Det har i fleire år vore satsa medvite på kompetanseoppbygging i fagpersonalet. Fleire er i gang med doktorgradsarbeid, og to av dei tilsette har fått professorkompetanse siste året. HVO har no 10 tilsette med professorkompetanse. Det er også fleire av dei tilsette som har fått førstekompetanse, og det er fleire som har fullført hovudfagsutdanning.

Publisering og formidling

HVO og Møreforskning Volda gir ut tre felles skriftseriar: Forskningsrapport, Arbeidsrapport og Notat. Ivar Aasen-instituttet ved HVO har eigen skriftserie. I år 2002 vart det gitt ut 1 forskningsrapport, 10 arbeidsrapportar og 15 notat, dessutan 1 skrift frå Ivar Aasen-instituttet. Det som vart utgitt i desse skriftseriane,

gjenspeglar berre ein liten del av den omfattande FoU-aktiviteten ved HVO. Den gjer seg m.a. synleg i form av faglege bøker og artikkelar i både vitenskaplege og populærvitenskaplege tidsskrift. Mange av dei tilsette har delteke som foredragshaldarar i faglege samanhengar, halde forelesingar ved andre universitet og høgskular og populærvitenskaplege foredrag i ulike fora. Mange har òg kronikkar og bokmeldingar m.m. i populærvitenskaplege tidsskrift og dagspresse. Høgskulen i Volda har eit aktivt kunstfagleg miljø som gjennom konsertar, dramaframsyningar og utstillingar står for ein aktivitet som er og har vore ei viktig side av den kontaktflata høgskulen har med regionen.

| 11

PUBLISERING

	AHF	ALU	AMF	ASF	IAaI	SUM
Artikkelar i intern. vitenskaplege tidsskrift	2	6	0	4	0	12
Artikkelar i nasjon. vitenskaplege tidsskrift	3	1	1	4	1	10
Faglege bøker/lære-bøker	2	6	0	4	0	12
Kapittel i faglege bøker/lære-bøker	10	7	7	4	0	28
Rapportar	3	9	3	17	1	33
Foredrag ved vitenskaplege konferansar	1	15	4	11	5	36
Andre foredrag	21	26	9	55	6	117
Kronikkar, bokmeldingar o.l.	33	20	14	16	6	89
Intervju	4	7	10	0	1	22
Anna FoU	5	43	11	0	0	59



Kompetanse, etter- og vidareutdanning

I rolla som kompetansemeklar og utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod og kompetanseprosjekt har KEV samarbeidd med mange forskjellige kompetanseaktørar

Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) vart i styresak 47/2001 omorganisert frå å vere ein del av studieadministrasjonen til å vere ei eiga og friare eining direkte under høgskuledirektøren. Det nye mandatet presiserte at KEV skal vere høgskulen si strategiske eining ut mot samfunnet og regionen vår, med følgjande oppgåver:

- profilering/vere informasjonskanal ut mot oppdrags- og deltidsmarknaden
- kompetansemekling
- utvikling av nye kurs og kursmodellar/læringsarenaer
- gjennomføring av konferansar, etter- og vidareutdanningstiltak (betalingsmarknaden)

I tillegg er KEV høgskulen sitt kontaktorgan til Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF) og Noregsuniversitetet. KEV har hatt fire tilsette fordelt på drift og prosjekt.

Samfunnsrolle og anna samarbeid

I rolla som kompetansemeklar og utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod og kompetanseprosjekt har KEV samarbeidd med mange forskjellige kompetanseaktørar, t.d.:

- Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal
- Fylkeskommunen i Møre og Romsdal; Utdanningsavdelinga og Kulturavdelinga
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Familie- og sosialavdelinga og Statleg kompetanseutvikling
- Statens lærarkurs
- Rikstrygdeverket
- Norsk

kommunikasjonsforening

- Midtnorsk ballett- og dansesenter
- Midtnorsk kompetansesenter for rusfaget
- Norsk kulturskoleråd i Møre og Romsdal
- Teatret Vårt
- KS i Møre og Romsdal
- NHO i Møre og Romsdal
- Kommunane i Møre og Romsdal og Nordfjord
- Søre Sunnmøre regionråd
- Verkstadforeninga i Ulstein distrikt
- Hareid ressurscenter
- Senter for entreprenørskap
- Handelsforeninga i Volda
- Kompetansesenteret for pasientinformasjon (KPI)

Aktiviteten

Prosjekt som har fokus på nettstøtta læring og korleis vi fornuftig kan nytte Internett som arena for kunnskapsbygging i etter- og vidareutdanningsmarknaden, (PRONETT) har resultert i utvikling av ein ny nettstøtta kursmodell.

Lese og skrive

KEV samarbeidar med Avdeling for humanistiske fag og Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal om å tilretteleggje kompetanseutvikling for lærarar på barnesteget innan lese- og skriveopplæring (sju kommunar/kursnettverk starta denne etterutdanninga hausten 2002. Resultatet vil ligge føre i 2003).

På lag med offentleg sektor

Også samarbeid med KS-prosjektet «Hjelp til sjølhjelp» og fem kommunar på Søre Sunnmøre om kompetanseutvikling i kommunesektoren har vore sentralt i 2002, men ingen konkrete tiltak ligg føre.

Kompetansesenter for kulturproduksjon og kulturformidling

Dette er initiert av kulturadministrasjonen og leiar av kulturutvalet på fylkesplan, og har vore ein del plan- og strategiarbeidet i 2002.

Høgskulesamarbeid

I høve delprosjektet under prosjektet Høgskulesamarbeid Møre og i samarbeid med EV-einingane ved Høgskolen i Molde og Høgskolen i Ålesund, har KEV hatt det administrative ansvaret.

LærerIKT

Kurs i pedagogisk bruk av IKT har vore lagt tilrette for lærar i grunnskule og vidaregåande skule i Møre og Romsdal har. (Resultatet vil ligge føre i 2003.)

Kombinerte trygdestudier, modular på oppdrag frå Rikstrygdeverket vart avslutta vår 2002.

Deltidstilbodet **Drama/teater med barn og unge**, 30 studiepoeng, desentralisert til Molde og i samarbeid med Teatret Vårt. Oppstart haust 2002.

Deltidstilbodet **Spesialpedagogikk 1. avdeling**, 30 studiepoeng, desentralisert til Molde i 2001/2002 og til Ålesund i 2002/2003.

Deltidstilbodet **Pedagogisk arbeid på småskulesteget**, 30 studiepoeng, desentralisert til Kristiansund i 2001/2002 og til Molde i 2002/2003.

Pedagogisk rettleiing, 10 studiepoeng, desentralisert til Rauma, Molde og Sunndalsøra.

Kurstilbod knytt til **Den kulturelle skolesekken**/«Oterspor.»

Diverse oppdrag, m.a. utvikling av kurspakkar for Volda handelsforening.

Utvikling av nytt desentralisert deltidstilbod innan skule og næringsliv, i samarbeid med Verkstadforeninga i Ulstein, Hareid ressurscenter og Søre Sunnmøre regionråd.



REKNESKAPEN

Vanleg budsjettvert verksemd (studieavgifter/kursavgifter)

Bruttobudsjett 1 704 000
Overhead/dekningsbidrag 413 000

Oppdragsverksemda (finansiert av oppdragsgjevar)
Bruttobudsjett 622 000
Overhead/dekningsbidrag 119 000

Samla rekneskap for 2002
Bruttobudsjett 2 326 000
Overhead/dekningsbidrag 532 000

Undervisning og opptak

Hausten 2002 hadde HVO 2217,9 heiltidsekvivalentar og dermed ein auke på 12,3 % samanlikna med 2001. Samla studenttal pr. 1. oktober 2002 var 2666 studentar, i 2001 var det totalt 2616.

Utvikling i søkjar- og opptakstal i 2002

Høgskulen i Volda har dei siste 4-5 åra hatt nedgang i søkjartal på fleire studium. I 2002 har vi hatt ein svak auke: frå 9827 i 2001 til 10378 søkjarar i 2002 (Samordna opptak, ordinært lokalt opptak og deltakarfinansierte studium). Gjennom det nasjonale samordna opptaket lyste høgskulen ut 28 studietilbod med til saman 987 studieplassar. Til desse studieplassane melde det seg 7387 søkjarar. I det lokale ordinære opptaket melde det seg 2991 søkjarar til 127 studietilbod, mot 2172 søkjarar til 69 studietilbod i 2002.

Sjølv om dei fleste studietilboda har hatt nedgang i samla søkjartal, hadde høgskulen ei svak stigning i talet på primærsøkjarar. Vi har framleis god søkjartilgang til desse studia i år 2002: medieutdanningane, årseining i musikk, kunst og handverk, sosialutdanningane, mediekunnskap, forvaltningsrett og norsk språk og samfunnskap for utanlandske studentar. Søkjargrunnlaget var sviktande ved følgjande studietilbod: førskulelærarutdanning, grunnutdanningane i samfunnsplanlegging, norsk, tysk, kristendoms-kunnskap, matematikk, naturfag og samfunnsfag.

Spesielle rekrutteringstiltak

HVO lyste ut allmennlærerutdanning som deltidsutdanning med regional tilpassing. I tillegg har vi starta opp Praktisk pedagogisk utdanning i Ålesund og Kristiansund i tillegg til den vanlege

utdanninga. Begge studium går over 2 år.

Utvikling i studenttal hausten 2002

Hausten 2002 har HVO 2217,9 heiltidsekvivalentar og dermed ein auke på 12,3 % samanlikna med 2001 (1974,2 heiltidsekvivalentar). Samla studenttal pr. 1. oktober 2002 var 2666 studentar, i 2001 var det totalt 2616, 3298 i 2000 og 3090 studentar i 1999. Nedgangen i studenttal held fram på dei humanistiske faga (unnateke historie), allmenn- og førskulelærerutdanninga, og det vil få større konsekvensar for måltalsoppfyllinga og vektalsproduksjonen ved HVO etter kvart.

Strykprosent og vektalsproduksjon

Strykprosenten ved HVO relatert til oppmelde studentar er 7,7 % for 2002. Det er berre ein høgskule som har betre resultat enn HVO, Akershus med ein strykprosent på 3,9. Matematikkeksamen i allmennlærerutdanninga kjem negativt ut: av 132 oppmelde studentar greidde berre 69 eksamen trass i tilbod om støtteundervisning og ekstrakurs og tett oppfølging undervegs. Det obligatoriske norskfaget kjem også negativt ut med eit snitt på 27 % stryk. Vurderingsform har blitt lagt om på norskfaget i inneverande studieår, og vi reknar med eit betre resultat til våren.

Pedagogikk i 3. året i lærerutdanninga har framleis svært gode resultat - 6 % stryk på skriftlege eksamenar og 1 % på den munnlege delen. Undervisninga har blitt lagt om til problembasert undervis-

ning/læring, noko som har gitt god utteljing på eksamen.

Dei nettbaserte studia har hatt stor strykprosent: ex. phil. 35 % i 2001 og forvaltningsrett 12 %. I år har betre oppfølging gitt resultater: ex.phil har 15 % stryk og forvaltningsrett 1,6 %, men framleis er det mange som trekkjer seg før eksamen.

Vektalsproduksjon

Høgskulen i Volda produserte i 2002 34534,4 eigenfinansierte vektal. Snitt-talet for studentar i 2002 er 2096, og det gir 16,5 vektal pr. student, ein nedgang på 0,1 % samanlikna med i fjor.

Studiekvalitetsarbeid, lærings- og arbeidsmiljø

Høgskulen har ei studienemnd (studieutval frå hausten 2002) med mandat og oppgåver knytt til samordning av arbeidet med studiekvalitet.


Ved HVO vart det i 1997 vedteke ein handlingsplan for studiekvalitet som også inneheld tiltak knytte til studieevaluering og evaluering av den fagleg verksemda. Det er m.a. vedteke retningslinjer for fagutval, og det er etablert ordningar for studieevaluering og fagkritikk ved dei fleste fag og studium. Ordningane er tilpassa dei ein-skilde faga og studium og varierer mellom fagutval, fagkritisk gruppe, gruppesamtalar, personlege samtalar og evalueringsskjema.

Fleire fag nyttar ein kombinasjon av t.d. evalueringsskjema og samtalar.

Fleire fag har teke i bruk e-læringsverktøy (ClassFrontier) med tettare oppfølging av studentane. Allmennlærerstudentane (2. året) tek del i PLUTO-prosjektet, der studentane arbeider saman i basisgrupper på 4 med m.a. prosjekt og oppgaveløysing. I inneverande skuleår (2002-03) har stort sett alle fag endra på vurderingsforma: frå sluttvurdering til prosess- og mappevurdering. Dei nye bachelorstudia har utdanningsplanar for alle studentar som prøveordning. Ordninga skal evaluerast våren 2003.

HVO har ei rådgevingsteneste for studentar. Rådgevingstenesta for studentar har som målsetjing å utvikle betre livs- og studiekvalitet for studentane. I stillinga fungerer ein sosionom, som også som arbeider tett med den psykologiske rådgevingstenesta ved høgskulen og med studentpresten i deltidsstilling, administrert av Volda kyrkjekontor.

HVO har ei handlingsplan for studentar med funksjonshemming og ein kontaktperson for koordinering av tilrettelegging for studentar med funksjonshemming, og informasjon og søknadsprosedyrar om t.d. tilrettelegging av eksamen er tilgjengeleg på Verdsveven. HVO har m.a. tilrettelagt for tilgang til symjebasseng for rullestolbrukarar.



Fellesadministrasjonen

Fellesadministrasjonen er lokalisert i Berte Kanutte-huset midt på campus. Her finn vi høgskuleleiinga, studieadministrasjonen, økonomi og personal, IT-avdelinga, drift og andre sentrale funksjonar.

BYGG OG ANLEGG

Nye kontorlokale og drama-tilbygg ved lærarutdanninga vart tekne i bruk i januar 2002, i alt 1000 kvm nye lokale. Byggjesteget II frå 1994-fusjonen kom slik om sider på plass.

Ombygginga av Nedretun med 330 kvm til kontorbygg vart ferdig til påske. Pedagogikkseksjonen sin kontorsituasjon, var det mykje betre.

Akustikkvurderingar er sentrale for underetasjen av idrettsbygget. Med beskrivne tiltak etter rapporten 15.07.02 vil akustikktilhøva bli løyste på tilfredsstillande måte.

I austområdet har prosessen kring Ivar Aasen huset 2 400 kvm frå 1971 gått vidare. Våren 2002 vart det klart at rehabilitering av det noverande bygget ikkje vil vere økonomisk forsvarleg. Etter oppdragsbrev 01.10.02 frå UFD er analyse og forslag til erstatningsbygg i austområdet under arbeid. Utgreiingsarbeidet kom i gang i desember 2002.

Statsbygg si daglege oppfølging av hus og anlegg skjer et-

ter informasjon frå kundemøte, haldne med oss 5. april og 9. okt 2002. Forvisse bygningsmessige etterslep synest Statsbyggvertskapet lite i stand til å oppfylle den forskriftsmessig standarden som vi betalar for.

Studentane skal ha maksimal tilgang til bygningar, rom og øvingsutstyr, og talet på dører med kortlås er i løpet av 2002 utvida frå 43 til 55. Sju undervisningsrom er i 2002 heilt ferdige etter standard utstyrspakke, og tre rom er delvis ferdig.

PERSONALKONTORET

Oversikt over tilsette ved HVO pr. 01.10.02:

Undervisnings- og forskarstillingar:	145
Rekrutteringsstillingar:	6
Adm. stillingar inkl. bibliotek, drift og reinhald	82
Sum årsverk ved HVO	233

Høgskulen også engasjert ei rekkje personar på timebasis, omrekna etter budsjett-nøkkel, ca. 8 årsverk. Personalet har ein kvinneprosent på ca. 42.

Utlysing

Høgskulen har hatt innrykk av 28 stillingsannonsar:

Undervisning/vitskaplege stillingar: 17 annonsar/26 stillingar.

Administrasjon/drift: 11 utlysingar.

Løn

Personalkontoret arbeide hausten 2002 med å førebu omlegging til nettobudsjettering ved HVO pr. 31.12.02. Omlegginga vil innebere auka ansvar og omlegging av fleire rutinar innan lønsområdet.

HMS-arbeid

Samarbeidsavtale om Inkluderande arbeidsliv mellom HVO og Trygdeetatens arbeidslivssenter inngått i mars 2002. HVO har teke i bruk eit utvida elektronisk eigenmeldingsskjema. Det er utarbeidd rutinar og retn-

ingsliner til bruk ved sjukefråvær. Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2002 var 5,9 %.

HELSE, MILJØ OG

TRYGGJING

Ansaret for og dokumentasjon av HMS-arbeidet er desentralisert ved Høgskulen i Volda. T.d. er kontorsjefane ved dei fire avdelingane tildele ansvar for å administrere HMS-arbeidet på sine definerte område. Økonomisjefen har eit administrativt hovudansvar for at HMS-systemet heile tida er oppdatert, og at lover og forskrifter tilgjengelege for alle.

Dei siste åra er det sett fokus på HMS-arbeidet ved Høgskulen i Volda. Eit utval oppnemnt av høgskule-

KOMPETANSEHEVING

Tilsette som deltek på hovudfags- eller dr.grads-program

Hovudfag: 6
Dr.grad: 17

Opprykk i stilling som fig. av oppnådd hovudfag el. dr. grad i 2002

Hovudfag: 2
Dr.grad: 1

KOMPETANSEPROFIL FOR FØRSTESTILLINGAR

Stillingskategori	Tal	%
Professorar	10	6
Førstestillingar inkl. dos/prof.	54	33
H.lektor, aman., h.lærer, andre	113	67



direktøren arbeidde våren 2002 med problemstillingar knytte til helse, miljø og sikkerheit. Rapporten frå utvalet er behandla og godkjent av arbeidsmiljøutvalet. I utvalsarbeidet vart ansvarslinjer og mynde innanfor HMS-området ved HVO skisert. Vidare er ansvarstilhøve og saksangang i budsjettsaker på HMS-området nedfelte, og rutinar og saksangang i det generelle HMS-arbeidet er fastsette. Arbeidsmiljøutvalet har dessutan delt inn arbeidsplassen i nye verneområde med verknad frå 1. januar 2003. Det vart gjennomført vernerundar i dei fleste verneområda ved HVO i 2002.

Som verkty i arbeidet med å gå igjennom HMS-systemet er det fastsett ein årskalender for HMS-arbeidet i 2003, med fastsette tidsfristar som alle HMS-ansvarlege er forplikta til å følgje. Systemrevisjon og utarbeiding av ei HMS-handbok (generell del) vil vere prioriterte oppgåver i HMS-arbeidet i 2003.

Det vart inngått samarbeidsavtale mellom Høgskulen i Volda og Trygdeetatens arbeidslivssenter – senter for inkluderande arbeidsliv vintaren 2002. HVO har teke i bruk eit utvida eigenmeldingsskjema, som berre blir nytta i elektronisk versjon. Eit utval sett ned av høgskuledirektøren har utarbeidd rutinar og retningslinjer ved sjukefråvær.

INFORMASJONS- KONTORET

Ny grafisk profil

Arbeidet med fornying av høgskulen sin grafiske profil vart avslutta tidleg i 2002. Målet var å etablere ein heilskapleg profil for å styrkje og gjere tydelegare høgskulen sin identitet. Profilprogrammet legg vekt på tilknytninga til lokal kultur og natur, samstundes som det opnar for omverda gjennom impulsar, formidling, samar-

beid og kontakt. Alle trykksaker, annonsar, presentasjonar, brevmalar, katalogar, invitasjonar, konvoluttar, skjermbilete, skilt, arkitektur, andre gjenstandar og andre kommunikasjonsmedium vert gradvis endra og samordna til eit sams uttrykk i form og innhald.

Rekrutteringsarbeid

Høgskulen sitt rekrutteringsarbeid var fyrste prøven for profilprogrammet. Frå januar til april tok informasjonskontoret del i dei store yrkes- og utdanningsmessene i Bergen, Oslo og Trondheim. I samarbeid med høgskulane i Ålesund og Molde, var studentar også med for å ta del i messearbeidet. Messene er ein viktig møteplass mellom potensielle søkjarar og institusjonane. Konkurransen om studentane gjer at universiteta og høgskulane følgjer opp med fleire og meir profesjonelle standar og opplegg for kampanjane.

I samarbeid med fylkeskommunen og dei andre høgskulane i fylket legg Informasjonskontoret kvart år plan for yrkesorientering på alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Informasjonskontoret hadde standar, orienteringsmøte, utdeling av publikasjonar m.m. Førebuing, produksjon av materiale og organisering av dette var ordna ved Informasjonskontoret på førehand.

Heile første delen av året produserte Informasjonskontoret ei mengd annonsar som vart organiserte og publiserte i ei rekke aktuell i dagspresse, og fagpresse, tekst-TV, kino og internettområde. Mesteparten av annonsane i perioden fram til 15. april dekkjer heile HVO sitt utdanningstilbod, og dessutan profilering av Høgskulen i Volda.

Ein relativt stor annonsekampanje vart også lansert i juni, juli og august. Denne vart særskilt retta mot restetorget og lokalt opptak, og gav svært gode resultat. HVO-vi-

deoen vart eit viktig ledd i kampanjane ved messer, foredrag, på nettet og i generelle presentasjonar av Volda og høgskulen. Studentar frå Avdeling for mediefag var med på prosjektet.

Studiekatalogen, med 15000 trykte kopiar og fokus på mellom anna yrkesrettleiing og studentmiljøet i Volda, er svært sentrale i rekrutteringsarbeidet. Informasjonskontoret hadde produksjons- og budsjettansvar.

I tillegg produserer Informasjonskontoret eit større tal brosjyrar for det enkelte studiet.

Den nye HVO-veven

Arbeidet med vevsidene til høgskulen er ein vedvarande prosess. Med ei aktiv meldingsteneste, nyhendeformidling og kontinuerleg oppdatering av stoff, er dette ein aktiv kanal for Informasjonskontoret. Meldingstenesta og vevsidene sette i fjor rekord med 5900 treff på ei veke.

Ein stadig auke i bruken av vevven og eit breiare behov hjå dei tilsette for publisering, gjorde at forprosjektet for utvikling av vevsidene vart sett i gang. Ulike løysingar hjå andre utdanningsinstitusjonar, tilbod frå ulike leverandørar og våre egne

krav og ynske vart kartlagde og samla inn til ein grundig analyse. Av dette arbeidet vart det vedteke at høgskulen skulle investere i eit system som tilsette lett kunne lære seg. Den som eig informasjonen ved høgskulen, skal legge denne ut på veven.

For å koordinere arbeidet med oppbygging av nye vevsider vart ein informasjonskonsulent/vevkoordinator tilsett ved Informasjonskontoret frå fyrste januar 2003.



Internasjonalisering

38 studentar har hatt studieopphald i utlandet, medan 40 utanlandske studentar har studert ved Høgskulen i Volda.

Avdeling for humanistiske fag

Avdelinga har 6 kvotestudentar på Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar (NUS). I tillegg tek 12 kvotestudentar som høyrer til andre høgskular også NUS i Volda. Ein kvotestudent tek engelsk som del av ei bachelorgrad i informasjon.

AHF har inngått eit samarbeid og avtale med Lutheran College og Vesterheim Museum i Decorah om praksis og student- og lærarutveksling for historiestudentar. Våren 2003 reiser 5 studentar dit i 3 månaders praksis.

Flere studentar tek praksis i 3. året av allmennlærerutdanninga i utlandet, og 2. året i førskulelærerutdanninga. I 2002 var m.a. 2 studentar i Mexico.

Avdeling for lærarutdanning

Avdeling for lærarutdanning er koordinator for eit Nordplus-nettverk med Høgskolan i Kalmar, Holbæk Seminarium, Høgskolen i Oslo og Høgskulen i Volda. I 2002 var det studentutveksling til Volda, men inga lærarutveksling.

Socrates-samarbeid med Pädagogische Akademie i Wien: 1 student frå Wien våren 2002 - ingen andre vegen. Socrates-samarbeid med Universidad Cardenal Herrera - Spania. Førebels inga utveksling.

Skuggeprogrammet til EU: avtale med Lithuania Christian College.

Avdeling for mediefag

Bilateral avtale med Mangalore University i India: Førebels inga studentutveksling.

Avdelinga deltek i to nettverk: Nordisk animasjonsnettverk med Åbo Konstakademien og Den Danske Filmskole. Det andre er Samarbejdskomiteen for nordiske journalishøgskoler. Det har vore opphald i student- og lærarutveksling i nettverket.

Studentutveksling i Journalistikknettverket: 2 studentar frå Volda til Aarhus og 1 student frå Volda til Gøteborg.

Avtale med Beijing Broadcasting Institute om kvotestudentar på bachelor i animasjon/journalistikk, i tillegg til utveksling av studentar og lærarar.

Avdelinga hadde også 4 kvotestudentar i 2002; 1 frå Ghana (journalistikk), 1 frå Tanzania (informasjon), 1 frå Romania og 1 frå Latvia.

Socrates-avtalar med University of Dundee og med Universidad Cardenal Herrera i Valencia. Bilateral avtale med Griffith University om lærar- og studentutveksling, og har hatt 1 lærarutveksling frå Volda til Griffith University, hausten 2002.

Avdeling for samfunnsfag

Avdelinga har ein bilateral avtale med Uthena Medical college, Litauen.

Studentutveksling: Sosionomutdanninga har 5 kvotestudentar frå Litauen og 1 frå Mongolia.

Praksisperioden (3 månader) i 5. semesteret i barneverns- og sosionomutdanninga har 2 studentar gjennomført i Kenya, 3 i Uganda, 1 i Bolivia og 2 i Vietnam.

I tillegg tek 1 kvotestudent frå Pakistan og 1 frå Ghana kommunal planlegging. Ein kvotestudent tek mastergrad i samfunnsplanlegging og 1 frå Polen tek kateketutdanninga. Avdelinga har

eit samarbeid knytt til vidareutdanning av kateketar ved universitetet i Aberdeen. Avdelinga tilbyr Kristendoms-kunnskap med vekt på ungdomsarbeid (KULS) i samarbeid med Ten-Sing Norway. I 2002 var det 13 studentar på KULS i Tsjekkia og Slovakia.

ASF har inngått Erasmus-avtale med University of Ulster om student- og lærarutveksling.

Framover

I åra framover er det viktig å arbeide for å auke mobiliteten blant studentar og vitsskapeleg tilsette. Det er m.a. ei målsetjing at talet inn- og utreisande studentar skal doblast i løpet av to år og at 10 % av alle HVO-studentar som tek ein grad skal ha eit utvekslingsopphald i utlandet. Skal vi lukkast i dette, må innsatsen intensiverast gjennom ei føremålstenleg organisering av arbeidet.

« I ÅRA FRAMOVER ER DET VIKTIG Å ARBEIDE FOR Å AUKE MOBILITETEN BLANT STUDENTAR OG VITSSKAPELEG TILSETTE. »



Høgskulesamarbeid Møre

Prosjektet skal styrkje prioriterte fagområde og samarbeid som er viktige for kvalitet og nivå ved høgskulane med sikte på eit konkurransedyktig "Møreuniversitet" samt styrkje samhandlinga mellom høgare utdanning/forskning og nærings- og samfunnsliv.

Forprosjekt

Dette forprosjektet vart starta den 1. januar 2002 som eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre høgskulane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ambisjonane var store, noko som klart går fram av visjon og mål.

Visjon

Utvikle eit nasjonalt og internasjonalt fagleg sterkt høgskolemiljø – som kan oppnå status som universitet/vitskapleg høgskule i løpet av 8-12 år.

Hovudmål

- Styrkje prioriterte fagområde og samarbeid som er viktige for kvalitet og nivå ved høgskulane med sikte på eit konkurransedyktig «Møreuniversitet».
- Styrkje samhandlinga mellom høgare utdanning/forskning og nærings- og samfunnsliv.

Forprosjektet er organisert med ei styringsgruppe, der fylkesordførar Ole Øverland er leiar, og eit arbeidsutval, der ass. leiar Bergljot Landstad er koordinator.

Prosjektleiar er amanuensis Jan Driveklepp. Iverksetjing av konkrete prosjekt har det også vore arbeidd mykje med, og 7 delprosjekt var starta eller under oppstart ved årsskiftet.

Utgreiinga vart overlevert til høgskulane frå prosjektleiar og styringsgruppa like før jul 2002. Tilrådinga frå Styringsgruppa er å starte eit hovudprosjekt med tanke på

å fusjonere dei tre høgskulane i fylket, og også å invitere den fjerde høgskulen på Nord-Vestlandet, Høgskulen i Sogn og Fjordane, med i hovudprosjektet.

Utgreiinga og tilrådinga er no til intern høyring og handsaming i høgskulane, og det er tanken at ei felles styresamling skal ta endeleg stilling til vidare arbeid i juni 2003.

Arbeidet i 2002 var tredelt:

- Mobilisering
 - Setje i gang prosessar i fagmiljøa og administrasjonen i høgskulane.
- Iverksetjing
 - Iverksetje konkrete samarbeidsprosjekt mellom høgskulane.
- Utgreiing
 - Utgangspunktet var nettverksmodellar og modellar for nettverks-høgskule/-universitet

Mobiliseringa gjekk føre seg på vinteren.

« UTGREIINGA OG TILRÅDINGA ER NO TIL INTERN HØYRING OG HANDSAMING I HØGSKULANE, OG DET ER TANKEN AT EI FELLES STYRESAMLING SKAL TA ENDELEG STILLING TIL VIDARE ARBEID I JUNI 2003. »



Kommentarar til rekneskapen

Den totale driftsramma vår er sett saman av ordinær driftsløyving, nye driftsløyvingar gjennom året, overført driftsløyving frå 2001 og egne inntekter, totalt vel 170,2 millionar kroner. I tillegg kjem investeringsmidlar tildelte i 2002 og dei investeringsmidlane vi overførte frå 2001 på til saman 5,3 millionar kroner. Ut over dette har høgskulen rekne-

skapsført utgifter knytte til oppdragsverksemda på vel 4,5 millionar kroner. Tilsvarende sum og ein sum til dekning av inntektskravet for denne verksemda er overført frå interimskontoar, til saman vel 4,6 millionar kroner. Produksjon i 2002 var på totalt 1 726,9 studiepoeng. I 2001 var tilsvarende sum 1 832,1. I samsvar med den nye finansieringsmodellen, vil

den låge samla produksjonen i 2002 føre til nedgang i ramma for 2004. Dette har igjen samanheng med den dårlege måltalsoppfyllinga hausten 2001 og våren 2002. Hausten 2002 kan vi igjen vise til god måltalsoppfylling. Dette gjev grunn til optimisme for 2005. Rekneskapen på neste side viser korleis dei ordinære utgiftene fordeler seg på dei ulike

driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 67,8 millionar har 35,5 millionar kroner gått til drift av bygningar, av dette 29,3 millionar til husleige.

| 18

KJELDE

Kvar midlane kom frå

	2002	2001	2000
Nettoløyvingar frå UFD til ordinær verksemd	151 977	144 270	138 328
Overføringar frå føregåande år til ordinær verksemd	7 433	6 446	2 627
Inntekter til ordinær drift	10 827	9 875	7 741
Løyvingar frå UFD til investeringar og ombyggingar	4 124	7 426	4 615
Overføringar frå føregåande år til investeringar og ombyggingar	1 208	169	1 151
Inntekter frå oppdragsverksemda, overført frå interimskontoar	4 623	5 272	5 106
Sum	180 192	173 458	159 568

BRUK

Slik vart midlane nytta

	2002	2001	2000
Lønsutgifter knytte til ordinær verksemd	96 831	88 109	82 113
Varer og tenester knytte til ordinær verksemd	67 822	65 051	60 127
Overføringar til neste år til ordinær verksemd	5 584	7 431	6 456
Investeringar og ombyggingar	5 003	6 387	5 597
Overføringar til neste år til investeringar og ombyggingar	329	1 208	169
Utgifter knytte til oppdragsverksemda	4 537	5 173	4 956
Tilbakeførte inntekter frå oppdragsverksemda (inntektskrav)	86	99	150
Sum	180 192	173 458	159 568

STUDENTAKTIVITETEN I 2002

	Måltalsoppfylling 2002			Måltalsoppfylling 2001		
	Måltal	Reg. h. ekv.	Måltalsoppf.	Måltal	Reg. h. ekv.	Måltalsoppf.
Vår	2 161,0	1 921,9	88,9 %	2 176,0	2 281,9	104,9 %
Haust	2 126,0	2 191,7	103,1 %	2 161,0	2 013,2	93,2 %
Gjennomsnitt	2 143,5	2 056,8	96,0 %	2 168,5	2 147,6	99,0 %

Rekneskapen

Rekneskapen

(alle tal i heile tusen kroner)

Post	Postnemning	Ramme frå UFD 2002	Rekneskapstal 2002	Rekneskapstal 2001	Rekneskapstal 2000
Utgifter ved ordinær drift (kapittel 0274 og 0281):					
01.11	Organiserte stillingar, sum		73 277	64 746	59 907
01.12	Engasjerte og ekstrahjelp		566	936	884
01.13	Deltidsløner, sum		9 262	9 631	8 320
01.15	Reinhaldspersonale		1 873	1 731	2 175
01.17	Styre, utval		54	97	46
01.19	Vikar ved stipendpermisjon		21	119	624
01.18	Arbeidsgjevaravgift		11 778	10 849	10 157
	Sum ordinære lønsutgifter		96 831	88 109	82 113
01.21	Maskiner, inventar, sum		4 914	5 509	3 320
01.22	Forbruksmateriell		5 209	4 500	4 854
01.23	Reiseutgifter m.m.		7 695	6 506	5 946
01.24	Kontortenester m.m.		5 167	4 561	3 611
01.25	Konsulenttenester		940	1 386	1 560
01.26	Bøker, tidsskrift og andre driftsutgifter		8 299	8 480	7 855
01.27	Vedlikehald transportmiddel m.m.		32	31	76
01.28	Vedlikehald bygg, anlegg		95	870	184
01.29	Drift bygningar, lokalelege		35 471	33 208	32 721
	Sum ordinære utgifter til varer og tenester		67 822	65 051	60 127
	Sum brutto ordinære løns- og driftsutgifter	164 550	164 653	153 160	142 240
Inntekter ved ordinær drift (kapittel 3274):					
02	Sal av materiell/refusjonar	5 140	4 901	4 028	4 296
11	Kursinntekter		1 727	1 901	1 424
16	Refusjon fødselspengar		908	1 129	235
18	Refusjon sjukepengar		3 291	2 817	1 786
	Sum inntektskrav -02/totalte inntekter/2002/2001/2000	5 140	10 827	9 875	7 741
	Sum netto ordinære løns- og driftsutgifter	159 410	153 826	143 285	134 499
	Nettoramme frå UFD		159 410	150 716	140 955
	Overføringar til neste år frå den ordinære drifta		5 584	7 431	6 456
Oppdragsverksemd (kapittel 0274 og 3274):					
21	Sum oppdragsutgifter		4 537	5 173	4 956
01	Sum oppdragsinntekter		4 623	5 272	5 106
	Inntektsoverskot ved oppdragsverksemda		86	99	150
	Pålagd tilbakeføring av oppdragsinntekter	86	86	99	150
Investeringar/ombyggingar (kap. 0274):					
45	Store nyinnkjøp, investeringar/ombyggingar	5 332	5 003	6 387	5 597
	Total ramme frå UFD		5 332	7 595	5 766
	Overføringar til neste år frå store nyinnkjøp		329	1 208	169

